

# Utmarksbeite

**Her beitar dyr i sommarhalvåret.**  
Beiting gir eit fint og ope landskap, og mange av plantene som veks her er avhengig av beiting.

Areal som er rike på gras og urter er dei beste utmarksbeitene. Beiting er viktig for naturmangfaldet, og bevarer grasarter, urter, sopp og insekt som ikkje finst i andre økosystem. På ei eng kan det leve omlag 600-700 ulike artar.




Kvar sommar slepper om lag 2 millionar sau, 250 000 storfe og 50 000 geiter ut på beite i Noreg. Storfe og småfe som beitar i utmarka et fôr til ein verdi av om lag 1 milliard kroner kvart år.

Beitande dyr gir eit ope og variert kulturlandskap, ein verdi som ein ikkje kan omsetje i pengar.

## Verdt å vite

- I Noreg er berre tre prosent av landet jordbruksareal. Arealet ligg spreidd over hele landet.
- Berre halvparten av det vi et blir produsert i Noreg. Vi importerer store mengder frukt og grønsaker, og korn til mat og husdyrfôr.
- Mat og fôr i norsk jordbruk er produsert utan genmodifiserte organismar (GMO).
- Matindustrien (utanom fiskeforedling) gir om lag 40 000 arbeidsplassar over heile landet, og er landets største industrisektor med ei omsetjing på 150 milliardar kroner.
- Klimaet i Noreg gir smakfulle produkt, som søte jordbær, god plantehelse og mindre behov for plantevernmidlar.

NORGES BONDELAG



## God tur!

Helsning Norges Bondelag  
- Vi lager maten din!